



Styreleiar Hans Reidar Kjærland takka Terje Myklebust for lang og tru teneste i Uskedal Vassverk.

Terje Myklebust vart på årsmøte i Uskedal Vassverk 25. juni takka for lang og tru teneste. Han kom med i styret alt i 1986 og møtte på det fyrste styremøte 6. august. Myklebust har etter den tid skrivne mest alle møtereferat og brev som er produserte i laget. Uskedalen.no har snakka med Terje om tida i Vassverket, om utvikling og endringar frå 1980 talet til i dag.

På årsmøte 18.06.1991 vart det sett fram forslag om tilsetjing av forretningsførar/kasserar. Løna vart sett til kr 10 000.- pr år. Det vart fyrst nytta ekstern rekneskapsførar, men etter ei tid vart det kjøpt rekneskapsprogram frå Ajour data, og Terje utførde heile bokføringsjobben.

Vassverket hadde eit gammalt inntak frå Eikelva, og dette laut fornyast og forbetrast. Difor vart det laga nytt inntak

og nytt behandlingsanlegg omlag 1992.

Då Terje Myklebust overtok jobben, var det omkring 300 abonnentar. No har talet auka til 500. Terje har arbeidd under fleire formenn og mange ulike styremedlemar i denne tida. Han synst det har vore ei interessann og lærerik tid.

På våren 2019 melde Terje frå til styret om at han ville slutta av arbeidet frå årsskifte 2019 - 2020. Avslutninga vart på årsmøte no i juni. Klara Bakke tek over jobben og er den nye forretningsføraren i Uskedal Vassverk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Klara Bakke